Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Nr 29

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Jûlenissen

Bygdelag: Sandsøy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor

Gard: Leine. Nordre Sande

(adresse): Sandshamn

G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jûlenissen

SVAR

Spûrsmål 1. Dette med Jûlenissen er igrunnen nytt her hjå oss. Det var slike som hadde vore i Amerika som fyrst tok til med Jûlenisse. Det var helst på Jûletrefestar, at ein kladde seg ût, med maske og raudhûve, og kom i inn i festen med Jûlepakkar som han delte ût åt borna. Oftast vart det skrik og rædsel, for dei minste borna. Difor vart ofte, eldre folk forarga for denne Jûlenissen. I heimane er det berre dei siste åra, dei har teke til med Jûlenisse. Derimot skremde dei borna med Jûlegjeita, som kom ned frå fjellet, og etterkvart Jûla nerma seg, kom Jûlegjeita og narra. Det var då ûm å gjera at borna, var snilde dagane før Jûl, elles so vart dei stanga av Jûlegjeita.
Dette med Jûlenisse er vistnokk kome frå U.S.A.

Sp 2)

Ja Jûle delar ût Jûlegaver eller Jûlekrask, men det er få heimar dei brûkar å ha Jûlenisse. Men dei born, som torer, takkar Nissen opp i handa, men ikkje anna lön!

Sp 3) Det er ein eldre bror, som oftast kleder seg ût som Nisse. Det er lite nöye, med kor han ser ût, helst stor og Staseleg!

10276

Sp 4) Nissen er utstyrt med Maske og Kvitt skjegg. raud topplue, og ein fotsid frakk!

Sp 5) Ein kjøper maske i Forretningane!

Sp 6) Ao gå Julebukk, har aldri vore skjikk her!

Sp 7) Aldri er det Julebukker, som deler ut Julegaver!

Sp 8) Den nye Julenissen, er av nyare dato. Den gamle tuften, har ikkje vore tale om her, og ingen kan huske, at det var hverken utlaat hverken Graut eller Juledramm, hverken til Tuften eller Nissen, i bygderne heromkring!

Sp 9) Nei Julegaverne vart gjeven, frå den eine til den andre i Huslyden, aldri slik som det er nemd i Spursmål 9.

10276

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING